

TRIVSELSREGLAR FOR VESTBYGD SKULE

Alle elevar og lærarar har ansvar for eigen og andre sin trivsel på skulen.
Alle må difor visa omsyn for kvarandre og vera høfleg.

1. Alle har rett til å ha det trygt og godt. Ingen skal verta utsett for krenkjande ord, mobbing, vald eller rasisme.
2. For å læra treng vi arbeidsro. Du skal gjera ditt for å skapa eit godt arbeidsmiljø.
3. Du har ansvar for å ta vare på skulebygningen og halda orden på eigne skulesaker.
4. Dersom ikkje noko anna er bestemt er elevane ute i friminutta, og held seg innanfor skuleområdet.
5. Vi kastar snøball berre på oppsett blink.
6. Syklar du til skulen, bør du byrja i 5.klasse. Du må ha hjelm. Ingen syklar på skuleplassen mellom kl. 08.30-16.30.
7. Snop er ikkje tillate på skulen utan ved særlege høve.
8. Ingen må ha med seg noko som er farleg eller som skapar uro.
9. Skulen har ikkje ansvar for verdigjenstandar som vert stole eller øydelagt.
10. Bruk av tobakk eller rusmiddel på skulen , eller på skulen sine arrangement er ikkje tillate.

Brot på reglane vil føre til:

1. Samtale med lærar/ undervisningsinspektør/ rektor
2. Skulen vil informera foreldre og føresette
3. Når eleven bryt reglane fleire gonger, kan han/ ho verta nøydd til å sitja att på skulen.
4. Ved særlege brot på reglane, kan ein bli bortvist frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.
5. Ved skadeverk kan eleven/ dei føresette måtte betale for skadeverket med ei øvre grense på kr. 200. Eleven kan også gjera opp for seg med arbeid.
6. **Dersom du har med deg mobil på skulen, skal mobilen vere avslått og liggje i sekken i skuletida. Dersom mobilen vert brukt i skuletida, må eleven levere frå seg mobilen. Eleven får mobilen tilbake når skuledagen er slutt.**

Tilrådd i SU v/ Vestbygd skule 29. april 2013

